



NAUSTDAL KOMMUNE
RÅDMANNEN

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	Doknr.:
2010/00067 - 122	
Mottatt:	31 MAI 2010
Saksbeh.:	Ark.:
ASR/SEB/IAA	410
Kopi:	Avskr.:


Sakshandsamar: Jeanette Kj. Vie dir tlf: 578 16102
Vår ref. JKV/10/168-3/K2-V00, K3-&13 Dykkar ref:

Dato: 28.05.2010

**UTTALE - FORSLAG TIL ENDRINGAR I FOR-1997-05-02-423-
FORSKRIFT OM NYDYR KING**

Vedlagt følger uttale – forslag til endringar i FOR10997-05-02-423- Forskrift om nydyrking.
Møtebok frå Naustdal kommunestyre, sak 24/10, den 20.05.2010.

Med helsing


Jeanette Kj. Vie
sakshandsamar

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
KOMITE FOR LANDBRUK - TEKNIKK OG MILJØ	29.04.2010	009/10	AHK
KOMMUNESTYRET	20.05.2010	024/10	AHK

Saksansv.: Annlaug Kjelstad	Arkiv: K2-V00, K3- &13 Objekt:	Arkivsaknr 10/168
	Avgjerd av:	

UTTALE - FORSLAG TIL ENDRINGAR I FOR-1997-05-02-423- FORSKRIFT OM NYDYR KING

Vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	17.02.2010	Landbruks- og matdepartementet	HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I FOR-1997-05-02- 423- FORSKRIFT OM NYDYR KING

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Saksopplysningar:

I St.meld. nr. 39 (2008-2009) Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen, er det vist bl.a. at et virksomt tiltak for å redusere framtidige utslipp av CO2 frå jordbruksjord er å stanse nydyrking av myr. I stortingsmelinga foreslo Landbruks- og matdepartementet på bakgrunn av dette at klimaomsyn bl.a. skulle takast inn som ein del av målsetjinga med nydyrkingsforskrifta på linje med biologisk mangfald, kulturminner og næringsomsyn. Departementet sender difor ut no framlegg til endringar i forskrift om nydyrking.

Det kan setjast i forskrift om nydyrking av myr, med heimel i jordlova § 11, setjast ”forbod mot nydyrking, og at nydyrking berre kan skje i samsvar med plan godkjent av departementet.”

Framlegget til endringar i forskrifta inneberer bl.a. at faren for klimagassutslepp vert eit av fleire moment som skal vurderast i samband med søknad om nydyrking. Det vert foreslått at forskrifta endrast slik at søknadsplikta i noko større grad også fangar opp areal som har gått ut av drift og som har lege unytta i over 20 år, t.d. tidlegare dyrka areal som er forsumpa/blitt

myr på grunn av manglande vedlikehald av grøfter/drenering. Når det gjeld vurderinga av moment som skal takast omsyn til vert det også vist til statleg planretningsline for klima og energiplanlegging i kommunane som legg til grunn at kommunane ved handsaming av saker etter plan- og bygningslova eller anna lovgjeving, skal bidra til reduksjon av klimagassutslepp.

Departementet vurderer det slik at eigarar som har behov for tilleggsjord kan stimulerast til å sikre seg annan tilleggsjord i staden for å nydyrke myr og foreslår i korte trekk å innføre eit forbod mot å nydyrke myr.

Departementet omtalar også definisjonen av myr og tjukna, også fordi frigjering av CO₂ avheng av kor tjukt torvlaget i myra er, sjå også høyringsbrevet.

Høyringsfristen er sett til 30. april og rådmannen vil oversende høyringsuttalen frå kommunen til departementet så snart vedtak er protokollert.

Vurdering:

Rådmannen vurderer det slik at ein lokalt ikkje har nokon særleg dokumentert effekt av forbod mot nydyrking av myr. Det vert difor rådd frå å innføre eit forbod mot nydyrking av myr. Rådmannen vil peike på at utfordringane knytt til bevaring av biologisk mangfald, reduksjon og kontroll med klimagassutslepp i landbruket, oppretthalding av kulturlandskapet og levande bygder med aktivt landbruk samla sett er knytt til andre problemstillingar enn akkurat nydyrking av myr. Det går fram at det ikkje er dokumentert kor stort CO₂-utsleppet er pr i dag frå nydyrking av myr.

Som ein liten kommune med eit sårbart landbruksbasert næringsliv meiner vi at forbod vil gje ein liten klimamessig effekt både lokalt og regionalt, forbodet vil ramme uforholdmessig skeivt geografisk og kanskje spesielt Vestlandslandbruket der bruka og dyrka areala ligg lenger frå einannan og klimautsleppa vert monaleg større ved at aktive brukarar vert vist til å nytte tilleggsjord som generer mykje transport av gjødsel, fôr og buskap.

Pr i dag slit aktive brukarar med å styrke driftsgrunnlaget både økonomisk og praktisk, denne endringa med eit generelt forbod mot nydyrking av myr, kan vere nok eit hinder for utvikling, utan at klimaeffekten av forbodet kan visast att på nasjonalt og lokalt plan. Dei siste åra, og sikkert i åra framover, med same profilen på landbrukspolitikken, vil det i Naustdal kommunen kun komme søknader om nydyrking av myr ved spesielle høve. Rådmannen tolkar det slik at dette både kjem av tilskottsordningane og også generell nedgang i inntekts- og kapitalgrunnlaget i landbruket i kommunen. Det er generelt god tilgang på grovfôr enten gjennom leigejord eller ved kjøp av rundballar etc. Kommunen har også erfaring med at dei fleste søknader om nydyrking gjeld dyrking av myr, sidan det i våre strøk ikkje er tenleg eller teknisk, praktisk eller økonomisk mogeleg å dyrke annan mark (morenemark/steinrik/brattlent mm).

TILRÅDING:

Naustdal kommune rår frå å innføre eit forbod mot nydyrking av myr. Det vert peika på at utfordringane knytt til bevaring av biologisk mangfald, reduksjon og kontroll med klimagassutslepp i landbruket, oppretthalding av kulturlandskapet og levande bygder med aktivt landbruk samla sett er knytt til andre hovudproblemstillingar enn akkurat nydyrking av myr.

Som ein liten kommune med eit sårbart landbruksbasert næringsliv meiner vi at forbod vil gje ein liten klimamessig effekt både lokalt og regionalt, forbodet vil ramme uforholdsmessig skeivt geografisk og kanskje spesielt Vestlandslandbruket der bruka ligg lenger frå einannan og klimautsleppa vert monaleg større ved at aktive brukarar ver vist til å nytte tilleggsjord som generer mykje transport av gjødsel, fôr og buskap. Pr i dag slit aktive brukarar med å styrke driftsgrunnlaget både økonomisk og praktisk, denne endringa kan vere nok eit hinder for utvikling, utan at klimaeffekten av forbodet kan visast att på nasjonalt og lokalt plan.

29.04.2010 KOMITE FOR LANDBRUK - TEKNIKK OG MILJØ

VEDTAK:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg:

Sett i ein større samanheng er nedbygging av myr eit større problem enn nydyrking av myr. Og det er her fokuset burde ligge. (som siste setning i 1. avsnitt i tilrådinga)

20.05.2010 KOMMUNESTYRET

VEDTAK:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.